

---

**Fra:** Hogne Haugsdal  
**Sendt:** fredag 27. oktober 2017 10.59  
**Til:** ronnykvalheim@gmail.com  
**Kopi:** Ordførar Lindås; Postmottak Lindås; Rune Kilen  
**Emne:** VS: Parkeringsplass

Hei!

Viser til din e-post 21. oktober med spørsmål om ein parkeringsplass i Alvermarka.

Frå kommunen si side er det ikkje etablert noko parkeringsplass på denne staden. Her er det snakk om bilar som parkerer langs kommunal veg. Det er ikkje ulovlig å parkere langs vegen så lenge det ikkje hindrar trafikken eller på anna måte skapar farlege situasjonar. I samband med asfaltering av vegen blei også dette området langs vegen asfaltert, det kunne vore unngått om entreprenøren hadde fått melding om det. Slik vi vurderer situasjonen no, vil ikkje vi gå inn å fjerne denne asfalten.

Når det gjeld parkering langs kommunal veg vil vi som vegmynde alltid gjere ei vurdering av situasjonen når vi får slike innspel. Vår vurdering så langt er at dette ikkje er ulovlig.

**Hogne Haugsdal** | Ass. rådmann

E-post: [hogne.haugsdal@lindas.kommune.no](mailto:hogne.haugsdal@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 995 749 46  
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



**Fra:** ronny kvalheim <[ronnykvalheim@gmail.com](mailto:ronnykvalheim@gmail.com)>  
**Dato:** 21. oktober 2017 kl. 17:14:49 CEST  
**Til:** Postmottak Lindås  
<[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)>, [Ordforar@lindas.kommune.no](mailto:Ordforar@lindas.kommune.no)  
**Emne:** Parkeringsplass

Hei.

I forbindelse med Dykkar utbetring av veg og fortau i Alvermarka, har eg merka meg at parkeringsplass over vegen for Gnr./Bnr. 137/472, er ulovleg oppført. Det står hvertfall ikkje noko i Dykkar arkiv om at denne er søkt om og er godkjent. Den er teken av annan eigedom på nedsida av vegen. I tillegg til at den er ulovleg oppført, så har De asfaltert den i forbindelse med asfaltering av vegen ellers.

Då spør eg meg sjølv, er det greit at kommunen finansierer asfalt til ein allereie ulovleg oppført parkering? Eg jobbar som kjent sjølv i kommunen, i Eining for funksjonshemma, og slik oppfatning eg har etter mange år der, og kanskje aller verst no for tida, er at det er ikkje midlar. Det er stadige nedskjæringar og innstramningar, der brukarane vert skadelidande. Når eg då ser korleis de prioriterer i andre einingar med denne asfaltsaka, reagerar eg på det.

Kan eg få ei utgreiing angående denne saka?

Mvh  
Ronny Kvalheim